

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.05.2011
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Rettleiing for styrearbeid**

Arkivsak
2011/236/
Styresak 066/11 O

Styremøte 01.06. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Departementet har utarbeidd ein rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak. Rettleiaren blir lagt fram for styret til orientering.

Fakta

Departementet har utarbeidd ein rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak. Rettleiaren er omtala i føretaksprotokollen for 2011 punkt 6.2.

Kommentarar

Rettleiaren gir ein orientering om styrearbeid i regionale helseføretak og inneheld ei samanfating av gjeldande rettsregler og styringskrav. Rettleiaren inneheld i tillegg omtale av styrearbeid av meir rettleiande karakter.

Statsråden har i forordet til rettleiinga peikt på at oppgåva som styremedlem i regionale helseføretak er ein krevjande posisjon. Eit føremål med rettleiinga er å leggje til rette for god rolleforståing og rolleutøving i styra. Det er eit mål at rettleiinga vil vere ein støtte både for nye og meir erfarne styremedlemmer.

Det er i føretaksprotokollen for 2011 stilt krav om at Helse Vest RHF i saman med dei andre regionale helseføretaka, sørgjer for at det blir utarbeidd tilsvarande rettleiar for styrearbeid i helseføretaka. Dette arbeidet er sett i gang og vil venteleg vere ferdig i løpet av første halvår 2011.

Når dette arbeidet er ferdig, vil utkast til rettleiar for HF-styra bli lagt fram for styret i Helse Vest til behandling.

Vedlegg:

Rettleiar - Styrearbeid i regionale helseføretak